

Støtte på 15.000 til innkjøp av bøker

21.06.2010

Uskedalen skule har søkt Nynorsksenteret i Volda om støtte til leseprosjektet sitt og gledeleg nok fått 15.000 kroner til innkjøp av bøker til biblioteket.

Det opplyser rektor Vidar Haugland til uskedalen.no

I tillegg vert skulen invitert til eit seminar med fokus på lesing og skriving og også til ei samling til våren.

I denne samlinga kan ein utveksla erfaringar med andre skular som har leseprosjekt og lesing som satsingsområde.

.- Dette er positivt for skulen vår, seier rektor Haugland.